



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
10.01.2017
Dykkar dato
21.12.2016

Vår referanse
2016/16365 421.3
Dykkar referanse
16/911

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 Uggdal

Uttale til planprogrammet til Kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø 2017 - 2025 - Tysnes kommune

Vi viser til kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø – planprogram datert 8. november 2016 for Tysnes kommune, med planperiode 2017 - 2025 som er lagt ut til offentlig høyring.

Tysnes kommune har per i dag ingen aktiv kommunedelplan for vatn, avløp og vassmiljø. Siste hovudplan for avløp vart utarbeidd i 2000 og gjaldt for åra 2000-2005. Siste hovudplan for vatn vart utarbeidd i 1998 og gjaldt for åra 1998-2003.

Kommunedelplanen skal understøtte kommuneplanens overordna visjon og målsetjingar. Planen har eit perspektiv fram mot 2025, og når den er utarbeidd vil den bli eit godt styringsverktøy for arbeidet med avløp og vassforsyning framover.

Kommunen er forureiningsmyndigheit for alle dei kommunale avløpsanlegga i kommunen, jf. kap. 12 og 13 i forureiningsforskrifta. Ein hovudplan for avløp vil kunne bidra til å nå dei nasjonale krava i forureiningsforskrifta og dei nasjonale krava i vassforskrifta om god økologisk og kjemisk tilstand i råka vassførekomst. Ein hovudplan vil syne samanhengen mellom miljøkriteria og kostnader dette vil medføre for å oppnå krava. Den vil også vere til god hjelp for kommunen til å systematisere og prioritere dei viktigaste tiltaka på avløp og vassforsyning.

Fylkesmannen er positive til at kommunen har starta opp arbeidet med å utarbeide hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø. Vi har ingen spesielle merknader til planprogrammet.

Med helsing

Britt Solheim
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.